



Statens vegvesen

Referat

Dato: 03.03.2023

Tid: 1000 –1200

Referent: Nils Inge Romarheim

Saksbehandler: Nils Inge Romarheim

Tlf. saksbeh. 906 59 309

Vår dato: 08.03.2023

Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Møtenr:	2–2023
Stad:	Teams
Møteleiar:	Tore Johan Øvstebø
Til stades:	<u>Styringsgruppe:</u> Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø, Vebjørn Krogsæter, Kristin Sørheim, Anders Riise, Ove Nesje, Kjetil Strand. <u>Sekretariatet:</u> Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Øyvind Gangstad, Nils Inge Romarheim. <u>Andre:</u> Marius Maske, Ole Kristian Birkeland, Cathrine Helle–Tautra, Kjetil Sporsem, Arild Fuglseth, Marit Krekvik, Sol Berntsen Slinning, Miroslav Vasilev.
Forfall:	Øystein Tvedt
Kopi til:	Carl Johansen, Arild Fuglseth.

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa</u> Tore Johan Øvstebø åpna møtet. Referatet frå førre møte vart godkjend med ei korrigering. Korrigert referat vert distribuert til styringsgruppa.	
2	Prosjektet E136 Ny Brosundbro, Waterfront/Keiser Wilhelmgate <ul style="list-style-type: none">– Vedtak i kommunestyret om breidde på bru avvik frå reguleringsplan og innstilling frå styringsgruppa.– Styringsgruppa må innstille på framdrift for prosjektet og eventuelle konsekvensar. Styringsgruppa ynskte å bruke litt tid på å sjå meir på framkomme for kollektivtrafikken i kollektiv- og sykkelgata, der det også vert	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>blanda inn lokaltrafikk frå Sørsida. Ein ynskter også å få vurdert om det er mogleg å få inn to køyrefelt på ny bru med breidde 13,75 meter, slik at ein har fleksibilitet om ein i framtida finn ut at ein vil endra løysinga.</p> <p><u>Vedtak</u> Saka vert utsett. Styringsgruppa ber om at faggruppa svarar ut spørsmåla som kom fram i møtet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Korleis vil interntrafikken på Sørsida påverke kollektivtrafikken og flyt over den nye brua? - Korleis vil ei breidde på brua på 13,75 meter påverke fleksibiliteten i forhold til val av trafikkløysingar i framtida? 	
3	<p><u>Oppstartsvedtak for Sykkelfelt Tonningsgate – Steinvågbrua</u></p> <p>Torbjørn Vatnehol presenterte saka.</p> <p>Det var opphavleg regulert tovegs sykkelveg med fortau på nordsida av vegen. Ein har kome fram til at dette kan føre til uheldige systemskifte for sykklistane. Ein har derfor gjort ei reguleringsendring, med sykkelfelt i vegbana, på begge sider av vegen. Dette fører til at anleggsarbeida blir meir omfattande og at kostnadene blir høgare. Ein får til gjengjeld ei betre løysing for sykkel og oppgraderte fortau på begge sider av vegen.</p> <p>Behovet utover noverande styringsramme er 18,5 millionar kroner, og sekretariatet føreslår at det vert søkt om tilskotsmidlar frå ordninga for mindre byområde, for å dekkje dette. Dersom ein ikkje får tilskotsmidlar, må det dekkjast inn gjennom dei udisponerte midlane på post 7 Gang- sykkelveg, trafikktryggleik og kollektiv.</p> <p>Det vert lagt inn ein opsjon om forlenging i anbodet. Ei eventuell utløysing av opsjonen må tilbake til styringsgruppa for avgjersle der.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtek at prosjekt-ID 704 «Sykkelfelt Tonningsgate – Steinvågbrua» kan starte opp i 2023. Prosjekteigar og byggherre er Møre og Romsdal fylkeskommune, og styringsramma for prosjektet er 37,1 mill. 2023-kr.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Forlenging av sykkelfelt og fortau blir lagt inn som ein opsjon i anbodet. Ein tek stilling til om dette arbeidet skal utførast etter anbudsopning.</p>	
4	<p><u>Oppstartsvedtak Skuleveg TS-tiltak Skarbøvikgata – Hessaskaret</u></p> <p>Torbjørn Vatnehol presenterte saka.</p> <p>Tiltaka er basert på anbefalingar frå ein trafikktryggingssrapport som er laga for skulevegen. Fleire av anbefalingane i rapporten er allereie utført, så i all hovudsak er det arbeid i Kaptein Linges veg som skal utførast no. Det er fleire mindre, men viktige tiltak som skal utførast, som betre belysning av overgangar, betre skilting og forlenging av fortau. Anbodet er planlagt lyst ut i same kontrakt som Fv. 6208 Sykkelfelt Tonningsgate, og skal være ferdig innan våren 2024.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtek at prosjekt-ID 766 «Skuleveg TS-tiltak Skarbøvikgata – Hessaskaret» kan starte opp i 2023. Prosjekteigar og byggherre er Møre og Romsdal fylkeskommune, og styringsramma for prosjektet er 2,25 mill. 2023-kr.</p>	
5	<p><u>Oppstartsvedtak Sjukehuset + ny styringsramme</u></p> <p>Det er gjort endringar på prosjektet slik det vart lagt fram i førre møtet i styringsgruppa. Busstoppet i vestgåande retning er flytta til nordsida av Borgundvegen. Det vil gje kollektivtrafikken enno litt raskare framføring. Sykkelløysinga er endra frå sykkelveg med fortau på Sørsida av Borgundvegen, til sykkelfelt på begge sider av veggen. Prosjektet er tilpassa eit framtidig parkeringshus, og prosjekteringa er nesten ferdig.</p> <p>Det er gjort anslag som viser ein kostnad på 90,5 millionar 2022-kroner. Dette er ein auke på 10 millionar kroner. Ein kjem tilbake til inndekning av meirkostnadene, med ei vurdering av konsekvensar for prosjektet/posten der inndekninga vert tatt frå.</p> <p><u>Vedtak</u> Styringsgruppa vedtar ny styringsramme for prosjekt 3 nytt kollektivpunkt ved Ålesund Sykehus, og gir klarsignal for oppstart i 2023.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Prosjekteier og byggherre er Statens vegvesen, og styringsrammen for prosjektet er på 90,5 mill. 2022-kroner.</p> <p>Styringsgruppa kjem tilbake til ei presisering av inndekning for meirkostnadene.</p>	
6	<p><u>Årsrapport for 2022</u></p> <p>Saka vert utsett til neste møte.</p>	
7	<p><u>Handlingsprogram 2023–2026 og budsjett for 2023</u></p> <p>Nils Inge Romarheim la fram budsjett for 2023 og handlingsprogram for 2023–2026.</p> <p>Det vert stor aktivitet i bypakka i handlingsprogramperioden. Budsjettet for 2023 er 403 mill. kroner, medan prognosen for året er på 358 mill. kroner. I 2024 og 2025 er aktiviteten på sitt høgste med 1.200–1.300 mill. kroner i omsetning, medan han i 2026 går ned til om lag 700 mill. kroner.</p> <p>Ein vil kvart år ha prosjekt klar for søknad om tilskotsmidlar, så lenge ordninga blir vidareført.</p> <p><u>Vedtak</u></p> <p>Styringsgruppa sluttar seg til at Bypakke Ålesund søker om tilskotsmidlar frå tilskotsordninga for mindre byområde, til prosjektet Sykkelfelt Tonningsgate – Steinvågbrua. Om ein ikkje skulle få tilskotsmidlar vert prosjektet fullfinansierast gjennom udisponerte midlar frå post 7 Sykkel, gange, kollektiv og TS.</p> <p>Styringsgruppa vedtek budsjettet for Bypakke Ålesund slik det går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Budsjett 2023.</p> <p>Styringsgruppa vedtek handlingsprogrammet 2023–2026 for Bypakke Ålesund slik det går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Handlingsprogram 2023–2026.</p>	
8	<p><u>Status kommunikasjon</u></p> <p>Øyvind Gangstad orienterte om status for kommunikasjonsarbeidet.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Ein arbeidar med merkevarestrategien saman med Vest studio. Det vert og arbeida med tilpassingar av nettsida, og nytt materiell vert gradvis tatt i bruk. Mellom anna har ein fått ei ny kartløyning, der prosjekta i bypakka kan finnast direkte i kartet.</p>	
9	<p><u>Blindheim–Flisnes – orientering</u></p> <p>Torbjørn Vatnehol orienterte om arbeidet med prosjektet Blindheim–Flisnes.</p> <p>Ein er i sluttfasen på byggeplanlegginga og arbeidet med grunnverv er sett i gang. Anbud vert lyst ut hausten i 2023, med oppstart bygging tidleg i 2024.</p>	
10	<p><u>Eventuelt</u></p> <p>Styringsgruppa ynskjer at sekretariatet tar ein gjennomgang av porteføljen, for å vurdere han opp mot den kostnadsauken som har vore. I den samanheng må ein òg sjå på prioritering mellom prosjekta. Ein ber om at resultatet av gjennomgangen vert lagt fram før sommarferien.</p> <p><u>Vedtak</u></p> <p>Styringsgruppa ber om at det vert lagt fram oppdatert sak som vurderer forventna kostnadsauke med framlegg til prioritering og styring av prosjektporteføljen.</p>	